



Uskedalen sin dyktige kokk og konditor, Elin Enes. (Foto: Privat)

Akkurat no ligg Elin Enes på 9.plass i Jernia sin konkurranse om kokketur med kjendiskokken Eyvind Hellstrøm til Toscana. Ho har no 245 stemmer. Vi kan stemme ved å gå inn på lenkja:

<http://delta.jernia.no/konkurranse/post/29/elin-enes>

Vi stemmer ved å trykkje på tommelen under bildet. På lenkja kan vi og lese om Elin, og kvifor ho ønskjer å delta i konkurransen. Vi vert og oppdatert på korleis Elin er plassert til eikvar tid. Å følgja denne utviklinga er svært spennande!!!

Alle kan stemme fleire ganger, men det må gå minst 12 timar mellom kvar stemmegiving. Akkurat no ligg ho altså på 9.plass, medan det er 6 kokkar som får vera med på turen. Men avstanden opp til dei som ligg føre på lista er kort. Det er såleis berre 12 stemmer opp til 6.plass.

Her er det berre å stemme i vei! Vert spennande å følgje utviklinga dei komande dagane. Vi ønskjer Elin lukke til!

Av: Thor Inge Døssland.